

Møteprotokoll

Utval:	Øygarden kommune, Kontrollutvalet
Møtestad:	Øygarden rådhus, Møterom 107
Dato:	15.04.2026
Tid:	14:00 - 16:30

Følgjande faste medlemer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Stian Oen	Leiar	AP
Inge Kausland	Nestleiar	H
Synnøve Tovsrud	Medlem	H
Marit Fjæreide	Medlem	FRP
Egil Morland	Medlem	KRF
Jostein Bø	Medlem	INP
Ann Kristin Kløvrud Eriksen	Medlem	AP

Følgjande medlemer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

Følgjande varamedlemer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Andre som møtte:

Namn	Rolle
Johnny Breivik	Kommunedirektør
Anne-Merete Vabø Haugane	Kommunalsjef for organisasjon og beredskap
Jørgen Kausland	Enhetsleder for IKT og dokumentsenter
Erlend Risvand Mo	Forvaltningsrevisor

Stian Oen
utvalsleiarMiriam Akkouche
utvalssekretær*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

Sakliste

Utvals-saknr	Innhald	Arkiv-saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 3/26	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 4/26	Godkjenning av møteprotokoll frå møtet i kontrollutvalet 11.03.26	2024/46	
	Politiske saker		
PS 10/26	Forvaltningsrevisjonsrapport samfunnssikkerheit og beredskap - rapport	2025/18	
PS 11/26	Bestilling av forvaltningsrevisjon eller eigarskapskontroll	2023/414	
PS 12/26	Orientering frå kommunedirektør - nytt frå kommunen	2022/178	
PS 13/26	Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval	2023/502	
PS 14/26	Eventuelt	2023/505	
	Referatsaker		
RS 2/26	Referatsaker til møtet 15.04.26	2025/9	

GK 3/26 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll 15.04.2026 - Øygarden kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Innkalling og sakliste vart godkjent.

Vedtak:

Innkalling og sakliste vart godkjent.

GK 4/26 Godkjenning av møteprotokoll frå møtet i kontrollutvalet 11.03.26

Forslag til vedtak

1. Møteprotokoll etter møte i kontrollutvalet 11.03.26 vert godkjent.

Saksprotokoll 15.04.2026 - Øygarden kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Forslag til vedtak vart samrøystes godkjent.

Vedtak:

Møteprotokoll etter møte i kontrollutvalet 11.03.26 vert godkjent.

PS 10/26 Forvaltningsrevisjonsrapport samfunnssikkerheit og beredskap - rapport

Forslag til vedtak

1. Kommunestyret tek rapport etter gjennomført forvaltningsrevisjon av samfunnssikkerheit og beredskap i Øygarden kommune til etterretning.
2. Kommunestyret ber kommunedirektør sørgje for å:
 1. Etablere rutinar for vurdering og oppdatering av risiko- og sårbarheitsanalysen, årleg og ved endringar i risikobiletet.
 2. Sikre at alle tiltak for å redusere risiko og sårbarheit vert samla og systematiserte i eitt dokument, til dømes i den heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalysen.

3. Sikre at dei tematiske beredskapsplanane og beredskapsplanane på einingsnivå vert oppdaterte i lys av ny heilskapleg ROS frå 2025, og etablere ei samla og fullstendig oversikt over alle beredskapsplanane i kommunen.
 4. Gjennomføre ei systematisk kartlegging av kapasitet og kompetansebehov for beredskapsarbeidet.
 5. Utarbeide ein kompetanseplan i samsvar med funn i behovskartlegging, med tilhøyrande systematisk opplæring for dei tilsette som er tiltenkt roller i kommunen si krisehandtering.
 6. Utarbeide ein heilskapleg øvingsplan som dekkjer heile kommunen, og etablere rutinar for systematisk evaluering og dokumentasjon av læringspunkt etter øvingar og hendingar.
 7. Utarbeide ein beredskapsplan for digitale hendingar som er integrert med den overordna beredskapsplanen, med tydeleg definerte roller og ansvar for IKT-beredskap i verksemdene, formalisere den eksisterande kontaktlista for IKT-beredskap som ei varslingsliste i Compilo, med definerte roller og ansvar i krisehandtering av cyberhendingar og operative tiltakskort for handtering av ulike typar digitale hendingar.
 8. Sikre at endringar i det digitale trusselbiletet vert tekne omsyn til ved systematisk oppdatering av ROS-analyse.
 9. Sikre at det vert gjennomført risiko- og sårbarheitsvurderingar knytt til digitale hendingar og IKT-sikkerheit i relevante einingar/verksemdar der nettverks- og informasjonssystem vert nytta for å levere tenester.
 10. Utarbeide ein opplæringsplan for digital sikkerheit i tråd med det overordna styrande reglement for personvern og informasjonssikkerheit.
 11. Etablerer ein øvingsplan for IKT-beredskap, og etablere rutinar for systematisk evaluering og dokumentasjon av læringspunkt etter øvingar og hendingar knytt til digital beredskap.
3. Kommunestyret ber kommunedirektøren utarbeide handlingsplan til kontrollutvalet innan 19. august 2026 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgje opp pkt. 2 i vedtaket, når tiltaka skal setjast i verk, status i arbeidet og kven som skal ha ansvar for iverksetjinga.

Saksprotokoll 15.04.2026 - Øygarden kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Forvaltningrevisor Erlend Risvand Mo frå Deloitte la fram forvaltningsrevisjon.

Kommunedirektør Johnny Breivik svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Kommunalsjef for organisasjon og beredskap Anne-Merete Vabø Haugane svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Enhetsleder for IKT og dokumentsenter Jørgen Kausland svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. Kommunestyret tek rapport etter gjennomført forvaltningsrevisjon av samfunnsikkerheit og beredskap i Øygarden kommune til etterretning.
2. Kommunestyret ber kommunedirektør sørge for å:
 1. Etablere rutinar for vurdering og oppdatering av risiko- og sårbarheitsanalysen, årleg og ved endringar i risikobiletet.
 2. Sikre at alle tiltak for å redusere risiko og sårbarheit vert samla og systematiserte i eitt dokument, til dømes i den heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalysen.
 3. Sikre at dei tematiske beredskapsplanane og beredskapsplanane på einingsnivå vert oppdaterte i lys av ny heilskapleg ROS frå 2025, og etablere ei samla og fullstendig oversikt over alle beredskapsplanane i kommunen.
 4. Gjennomføre ei systematisk kartlegging av kapasitet og kompetansebehov for beredskapsarbeidet.
 5. Utarbeide ein kompetanseplan i samsvar med funn i behovskartlegging, med tilhøyrande systematisk opplæring for dei tilsette som er tiltenkt roller i kommunen si krisehandtering.
 6. Utarbeide ein heilskapleg øvingsplan som dekkjer heile kommunen, og etablere rutinar for systematisk evaluering og dokumentasjon av læringspunkt etter øvingar og hendingar.
 7. Utarbeide ein beredskapsplan for digitale hendingar som er integrert med den overordna beredskapsplanen, med tydeleg definerte roller og ansvar for IKT-beredskap i verksemdene, formalisere den eksisterande kontaktlista for IKT-beredskap som ei varslingsliste i Compilo, med definerte roller og ansvar i krisehandtering av cyberhendingar og operative tiltakskort for handtering av ulike typar digitale hendingar.
 8. Sikre at endringar i det digitale trusselbiletet vert tekne omsyn til ved systematisk oppdatering av ROS-analyse.
 9. Sikre at det vert gjennomført risiko- og sårbarheitsvurderingar knytt til digitale hendingar og IKT-sikkerheit i relevante einingar/verksemdar der nettverks- og informasjonssystem vert nytta for å levere tenester.
 10. Utarbeide ein opplæringsplan for digital sikkerheit i tråd med det overordna styrande reglement for personvern og informasjonssikkerheit.
 11. Etablerer ein øvingsplan for IKT-beredskap, og etablere rutinar for systematisk evaluering og dokumentasjon av læringspunkt etter øvingar og hendingar knytt til digital beredskap.
3. Kommunestyret ber kommunedirektøren utarbeide handlingsplan til kontrollutvalet innan 19. august 2026 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgje opp pkt. 2 i vedtaket, når tiltaka skal setjast i verk, status i arbeidet og kven som skal ha ansvar for iverksetjinga.

PS 11/26 Bestilling av forvaltningsrevisjon eller eigarskapskontroll

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon eller eigarskapskontroll innan
2. Deloitte AS vert beden om å levere forslag til prosjektplan i tråd med dei føringane utvalet har gitt, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar, ressursbruk og leveringstidspunkt.
3. Forslag til prosjektplan bes levert sekretariatet seinast innan 06.05.2026, slik at prosjektplanen kan behandlast av kontrollutvalet 27.05.2026.

Behandling i møte

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon innan psykisk helse- og/eller rustenester.
2. Deloitte AS vert beden om å levere forslag til prosjektplan i tråd med dei føringane utvalet har gitt, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar, ressursbruk og leveringstidspunkt.
3. Forslag til prosjektplan bes levert sekretariatet seinast innan 06.05.2026, slik at prosjektplanen kan behandlast av kontrollutvalet 27.05.2026.

PS 12/26 Orientering frå kommunedirektør - nytt frå kommunen

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tek informasjonen frå kommunedirektør til orientering.

Saksprotokoll 15.04.2026 - Øygarden kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Kommunedirektør Johnny Breivik orienterte utvalet.

Kommunedirektør orienterte om følgjande:

Beredskap

- Kommunedirektøren orienterte mellom anna om beredskapen i kommunen, med døme frå terrengbrannen i Blomvåg.
- Det interkommunale samarbeidet var viktig, mellom anna ved bruk av drone for å kartlegge brannen.

Helse og omsorg – liggedøgn

- Situasjonen med liggedøgn har forverra seg. Kommunen brukar mykje tid på å handtere utfordringar knytte til eit aukande tal utskrivingsklare pasientar.
- Årsakene er samansette, mellom anna demografiske utfordringar, influensasesong og avgrensa kapasitet i kommunen.
- Kommunen har mellombels utvida kapasiteten ved Fjell sjukeheim ved å ta i bruk paviljongen. Med enkle tiltak kan kapasiteten aukast ytterlegare.
- Kommunen har vore i dialog med brakkehotell i kommunen og med Thon Hotel Straume som moglege løysingar på kapasitetsmangelen.
- Det blir også vurdert om det kan etablerast eit tilbod på tomte der ein barnehage er riven, til dømes i form av ein mellombels «brakkesjukeheim».
- Det kan bli aktuelt å omdisponere midlar i budsjettet for å gjennomføre tiltaka.

Budsjettprosess 2026 – økonomiplan

- Kommunen har starta arbeidet med økonomiplanen og budsjettet for 2026.
- Budsjettet skal reviderast i samband med kvartalsrapporten, etter at statsbudsjettet har gitt nye løyvingar.
- Kommunen har så langt eit meirforbruk på 4,7 millionar kroner knytt til straum, grunna eit kaldt år.
- Det skal arrangerast ei dagars samling for å skape ei felles forståing av den økonomiske situasjonen.

Tilbakemelding frå statsforvaltaren i barnevernssaka

- Kommunen har fått vedtak som peikar på lovbrøt.
- Kommunen har forsøkt å ta opp utfordringar, men opplevde at det var lite rom for dialog om saka.
- Kommunen meiner dialogen med statsforvaltaren ikkje har vore god nok, og vil derfor be om ei tredjepartsvurdering.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjonen frå kommunedirektør til orientering.

PS 13/26 Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering.

Saksprotokoll 15.04.2026 - Øygarden kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Leiar Stian Oen orienterte om saker frå kommunestyret.

Nestleiar Inge Kausland orienterte om saker frå formannskapet.

Anne Kristin Kløvrud Eriksen orienterte om saker frå kommuneplanutvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering.

PS 14/26 Eventuelt

Forslag til vedtak

1. Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak

Saksprotokoll 15.04.2026 - Øygarden kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Kontrollutvalet ønskjer at sekretariatet forbereder ei sak om kva virkemidlar kontrollutvalet har og kan nytte i sitt arbeid.

RS 2/26 Referatsaker til møtet 15.04.26

Saksprotokoll 15.04.2026 - Øygarden kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Referatsaka vart teken til orientering